
Fra: Reidar Furelid <rfurelid@yahoo.com>
Sendt: 27. oktober 2016 22:54
Til: Ole Johan Ingebrigtsen
Emne: Fwd: Re: Svar: Rom i fjøsen med betong på alle kantar/attestering av forholdet.

----- Videresendt melding -----

Emne:Re: Svar: Rom i fjøsen med betong på alle kantar/attestering av forholdet.

Dato:Thu, 27 Oct 2016 22:40:56 +0200

Fra:Reidar Furelid <rfurelid@yahoo.com>

Til:Ole Johan Ingebrigtsen <liolin@lindas.kommune.no>

Hei!

Takkar for raskt svar!

Viktig: Her er det ikkje tale om å overprøva noko som Mattilsynet har vurdert!

Diverre er noko av mi melding mistolka. Saka er den at **Mattilsynet ikkje har sett eller vurdert rommet i underetasjen i driftsbygningen vår**. Eg må berre få stadfest at forholdet er slik eg har orientert om: At eit rom hos oss i den delen av driftsbygningen der kyr, ungdyr, hest og gris før var oppstalla er det betong på alle kantar. Det må stadfestast av "brannfaglig kompetent myndighet". Det er ikkje her snakk om noka endring av avgjerdsle/uttale som er gjort av nokon som helst! Såleis heller inga overprøving av noko andre har vurdert ved synfaring!

Bakgrunn for saka: Eg hadde i mai såkalla revisjon av KSL (**K**valitet - **S**ikring - i **L**andbruket). Den kvinnelege revisoren hefta seg opp i at eg ikkje hadde bede om nytt fritak for kravet om brannvarslingsanlegg i fjøs. For sauer utløyser slikt krav om du oppstallar 30 sauer (stundom vert det sagt over 30) eller meir og eller 31 storfe eller meir. Regelen kom før 2010 og eg hadde fritak som ved revisjonen var gått ut ("på dato"). Eg hadde då kring 30 vaksne dyr ved siste årsskifte. Det eg ikkje var kjend med, var at i 2012 vart *talet sett berre for vaksne*,- medan det før den tid var medrekna påsettlamma. (Mange vil nok seia at det er vi brukarar som skal halda oss orienterte?!) Det eg er svært skuffa over vedkomande revisoren, er at ho ikkje straks orienterte meg om endringa. Ho hadde alle sjansar til å orientera seg om den faktiske stoda hos meg. M.a. fekk ho saman med meg orientera seg i mine notatar vedkomande dyra i Sauekontrollen (som eg har vore med i sidan 1977!). Men ho hekta seg opp i at dispensasjonen min var utløpt. Og orienterte seg ikkje om det *faktiske tal* vaksne dyr! Diverre! - Då eg fekk dispensasjon,- visste eg *før* eg søkte, at det vart innvilga. Den som tilrådde den gongen kjende forholda bra hos oss frå praksis som dyrlækjar. Vilkåret var kontroll av el-anlegget i driftsbygningen. Kontroll har vorte gjort og den siste var no i august/september av Risnes Elektro AS. Rommet med betong på alle

kantar vert for det meste brukt som naudsynt tilleggsrom under lamminga. Det er meir tungvint å stella der enn i andre etasjen. Der er dei fleste dyra i inneforingstida. Støypt golv (=taket for underetasjen). Hadde KSL-revisor fortalt om endringa som var gjort i 2012, hadde saka nok vorte å vurderer annleis. Ho vart berre så utruleg oppteken av den utgåtte dispensasjonen! - Og eg var dum nok til å tru det var ei enkel og kurrant sak å få ny dispensasjon! Hadde eg visst det eg no veit, hadde eg synt ho rommet i underetasjen,- og truleg hadde det staks vorte ei ikkjesak! Då hadde det truleg ikkje utløyst noko krav om "brannfagleg kompetent myndighet". For KSL-revisorar skal kunna vurderer det meste!

Saka vart no den at eg søkte om vidare fritak frå kravet om brannvarslingsanlegg til det lokale Mattilsynet, slik regelen er.- I praksis er det på Bontlabo i Bergen. Der sit framleis han som sist tilrådde dispensasjon. Men *diverre* var det ein annan person som no var sett på saka mi. Og då eg fekk avslag, ba eg om *ny sakshandsamar*. Seksjonsleiar sette likevel same handsamar på saka mi,- og utfallet var då sjølv sagt gjeve. Trass i ei mengd tilleggsopplysningar. (Orsak meg: Men dette set meg på tankar om ein viss "kultur" på ein arbeidsplass. Har her opplevd ein utruleg "leik" med paragrafar)

Anken min går no til hovudkontoret (Matmerk sette fristen til 1. januar og eg skjøna dei slik då dei utsette fristen med 3 månader,- at det var for å gje meg rimeleg tid. Der verka dei eg hadde kontakt med svært positive og imøtekommande!) - Eg kan ikkje tenkja meg anna enn at anken må gå gjennom. For det er *ikkje noko problem for meg å oppfylle kravet i regelverket. Men for å vera sikker må eg ettersenda ei stadfesting av at underetasjen kjem under det dei kallar "åpenbart unødvendig".*- vedkomande krav om brannvarslingsanlegg. Til det må ein ha "brannfaglig kompetent myndighet". Om ikkje du oppfyller det kravet, begrip eg ingen ting! Det gjeld oppstalling av nokre få dyr og det meiner eg: Det må kunna gjerast svært enkelt! Og eg betaler sjølv sagt,- sjølv om eg trur at eit "privat" firma kan bli uforholdsmessig kostbart! - Eg har varsla ettersending av denne stadfestinga. Og som sagt: Dette er *ikkje å overprøva* nokon som helst,- men *stadfesta fakta* som eg har orientert om. Eg har og faktisk ein ide om at vi skal la dyra frå det rommet vandra ut og inn som dei vil. Det er forhold for det det,- med litt tilrettelegging. Det er positivt for sauer, syner erfaring.

Eg kan altså oppstalla 30 *vaksne* sauer i 2. etasjen som er det rommet ein lettast steller i. Og då er ein i samsvar med regelverket, - Sjølv om det der og er tungvint! Etter mange si vurdering. Og kor mange påsettlam det er der, legg ikkje Mattilsynet seg opp i. Noko eg altså *diverre* ikkje vart orientert om ved revisjonen! Eg har nokre få vaksne over 30 (ved siste årsskiftet var det altså 32 med den vaksne veren!). og det er ikkje noko problem med litt meir tungvint stell av dei overskytande,- i underetasjen. For ein god del år sidan brukte vi å ha nokre vinterfora der uansett. - Viktig for meg er at eg har drive medvite avl i alle år og slaktar ikkje gode sauer unødvendig! Eg har i mange år drive med inseminering i eigen flokk. Det krov kursing og det krev relativt mykje av røktaren i den aktuelle tida i nov./des. Må følgja mykje meir med enn ved naturleg bruk av ver, Såleis har ikkje flokken vår kome "rekande på ei fjøl". Endeleg tal vaksne til vinteren vert avgjort etter klyppinga no først i november då dyra vert skjekka grundig. - Tal dyr har mykje med fordeling av utgiftene å gjera. Kan ikkje her gå meir inn på det.

Dette får vera som ei orientering. Orsak omfanget. Men for meg er dette *ei svært viktig sak*. Den tek *mykje* av energien frå meg. Og det går på nattesøvnen laus. Som før skrive! - Eg kjenner meg nesten ikkje att. Eg må få dette ut av verda så raskt som råd er. Og som sagt den brannfaglege

stadfestinga av fakta vil sikra ei rettferdig behandling hos ein instans som eg ikkje kan tenkja meg anna enn må imøtekomma meg. For eg bryt ikkje noko regelverk. - Men det var den stadfestinga!

Imøteser positivt svar,- og er svært takksam på førehand!

Med vennleg helsing

Reidar Furelid

Den 27.10.2016 12:52, skrev Ole Johan Ingebrigtsen:

Hei.

Visar til tilsendt mail og SMS. Vi har ikkje mynde til å overprøva avgjersla som Mattilsynet har tatt. Dersom du skal ha ein brannfagleg vurdering, som svar til Mattilsynet, må du ta kontakt med eit føretak som driv med branntekniske vurderingar.

Eg forstår det sånn at dyra er i eit bygg med betongveggar. Det er vel i dette bygget Mattilsynet har satt krav om varslingsanlegg? Då er kravet om varsling noko som er naudsynt for å sikra dyra i bygget og ikkje faren for spreiding.

Vonar dette er svar på dine spørsmål.

Mvh.

Ole Johan Ingebrigtsen,
Avdelingsleiar,NGIB
liolin@lindas.kommune.no
56375690/92027192
www.brannvernet.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Reidar Furelid [<mailto:rfurelid@yahoo.com>]

Sendt: 26. oktober 2016 21:26

Til: Ole Johan Ingebrigtsen

Emne: Rom i fjøsen med betong på alle kantar/attestering av forholdet.

Til Ole Johan Ingebrigtsen

Har freista skriva ein SMS om saka. Skriv no ein epost. Likar det betre enn telefon. I alle høve ved første kontakt.

Etter det feiaren i dag sa, er du den rette til å sjå på forholdet i nereflora hos oss. Det gjeld det berømmelege kravet om brannvarslingsanlegg i fjøsar. Så er det noko som heiter "åpenbart naudvendig". Og i nereflora hos oss er det betong på alle kantar. Det er då naudsynt med uttale frå "brannfagleg kompetent myndighet",- etter det Mattilsynet skriv.

Då veit eg ikkje eg anna enn at eg så snart det er mogeleg må få bekrefta forholdet. Og etter det eg har skjønna er du den som har med slikt å gjera her hos oss.

Mattilsynet har inne ein anke frå meg. Den går no til hovudkontoret og det er svært viktig at eg kan senda ein uttale no. Eg har varsla at eg vil ettersenda slik. Eg har gått utruleg mykje for meg av verdfull tid for å få orden på dette.

Reknar med det kostar pengar. Men eg kan kort og godt ikkje ha dette gåande lenger. Det tappar meg for energi og til tider tek det på nattesøvnen.

Ser fram til,- med takk, - å høyra frå deg.

Med vennleg helsing

Reidar Furelid
Vassbygdvegen 271
5912 SEIM